

14. januar 2016

## **Rapportering bruk av museumsplanmidlar tildelt Sunnhordland museum 2015:**

### **Dokumentasjon og tiltak endringsprosessar Stord maritime museum:**

Sunnhordland museum blei i møte i Kultur- og ressursutvalet 15. april 2015 tildelt 200.000 kroner til eit større dokumentasjonsarbeid knytt til maritim industrihistorie, i særleg grad knytt til lokal produksjon av motorar i Sunnhordland, og til tiltak i høve endringsprosessar for Stord maritime museum.

I samband med denne tildelinga har museet, ved museumsrådgevar Trine Kyvik, ført i pennen ei oversikt over kva som finst av historiske samlingar knytt til maritim industri i regionen Sunnhordland. Med i denne oversikten er både samlingar knytt til lokale vennelag, sogelag og stiftingar kring om i dei åtte Sunnhordlandskommunane, og det som finst i museet sine egne samlingar. Denne oversikten er presentert som vedlegg til **Felles samlingsplan for Hordaland** som skal vedtakast av fylkestinget i Hordaland.

Sunnhordland museum har og nytta 2015 til å arbeida med ein strategi for framtidig drift av Stord maritime museum og ei langsiktig lokalisering av museet. Museet ønskjer å satsa på ei meir heilskapleg maritim historieformidling knytt opp mot maritim industrihistorie frå Sunnhordland og ei større regional tilnærming. Målet er at det maritime museet skal vera eit regionalt maritimt industrimuseum, som har fått tittelen: **SMI – Sunnhordland maritime industrimuseum**. I det høve er det særleg fem tema for forvaltning, formidling og forskning som skil seg ut: utviklinga **av sildeolje- og hermetikkindustrien, lokal motorproduksjon, skipsbygging- og skipsdesign, leverandør- og offshoreindustrien, og samferdsle** i det 19. og 20. hundreåret.

Målet for SMI – Sunnhordland maritime industrimuseum, er at museet skal vera ein regional møtestad og eit museumsfagleg kompetansesenter i Sunnhordland innan industriell historieformidling og samlingsforvaltning. Sjå vedlagt strategiplan i brosjyreform som ligg ved denne rapporten.

Sunnhordland museum har i mange år varsla både Stord kommune, Hordaland fylkeskommune og Det norske kulturdepartementet om økonomiske utfordringar knytt til drifta av Stord maritime museum. Då museet tok over denne drifta var det ingen stillingar knytt til museet og tildelingane frå kommunen er ikkje stor nok til å dekkja husleige og straum. Målet til Sunnhordland museum er å få på plass ein berekraftig økonomi for museet si drift og ein ekstra stilling ved museet som har formidling og forvaltning av maritim industrihistorie som hovudansvar.

Jane Jünger

Direktør Sunnhordland museum

